

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande.

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Voksa.

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa

G.nr. 63 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. No er det vanleg med juletre i kvar heim.
2. Nei eg hugsar det ikkje, men det var i 80- 90 åra at bruken av juletre tok til å koma ibruk her.
3. Frå fyrst av var det i skulehusa. Ein lærar som nyst var utdana, eller ein annan som hadde vore burte og sett korleis skikken var andre stader, kom heimatt og sette igang, helst i samband med eit eller anna lag, antan med kristeleg eller sosiale fyremål, om ein kan bruka det uttrykket.
4. Hos vanlege folk gjekk det mange år før det vart vanleg med juletre. Det var ikkje so mykje snakk om pynt heller. Ja ljøs på bordet i stova, eitt eller tvo etter tilhøva, og hakka eine på golvet, var visst vanleg alle stader, sjøl om det var aldri so fatig og smått. Elles var det lamgen eller kole både jul og jonsok. Dei som hadde, og det var dei fleste i eldre tid, hadde ogso ølbollen ståande på bordet julaftan. Men ølet har minka etterkvart avhaldssaka har gått fram, og vorte utbytt med kaffi og "småkaker". Pynting med kvister, pairstas eller halm, var ikkje vanleg då. Det har kome seinare.
5. No for tida kan ein nok pynte med papir og anna julestas sjøl om ein har juletre.
6. Det vanlege er at treet står på golvet og rekk mykje godt opp under taket. Det hender vel at ein brukar små toppar som står på eit bord, helst i huslydar utan born, men det er meir sersynt.
7. Juletrepynten er det vanlege ein kjøper på krambudene. Har ein lite råd vert det skøytt på med ymse ting av kulørt papir som vert tilverka heime. Kanskje med litt kaker (julemenn) og litt frukt som ungane då lurar seg til å hauste når det byd seg eit høve.  
Det er vanleg med lys på juletreet, til fleire dess betre.
8. Borna og ein vaksen hjelpest åt med pyntinga. Det er halve køgtida at ungane får vera med å pynta treet.
9. Ein kan godt seie at det vanleg er at treet står fritt på golvet
10. I 17 tida juleaftan vert helga ringt inn frå kyrkja og då skal maten (oftast ribbensteik) vera ferdig. Det siste før ein går tilbords er å kveikja i ljosa på jule-treet. Det er vanleg at ein kveikjer ljosa andre kvel-dar i helga og nyttårsaftan, serleg om det er jolelag og born frå andre heimar, heilt til trettanddag.
11. Det er vanleg å gå rundt treet og syngja dei vanlege julesongar fyrst, og held ein på lenge, kan det vel

2  
Verta skøytt på med andre songar og.

12. Treet vert ståande inne med pynten på til over tret-  
tandehelga, og ofte fram til kyndelsmess. Det kjem an  
på kor fort det turkast opp og slepper nålene.
13. Ja det er nok borna som får ta seg av treet då, men eg  
trur ikkje at det går for seg etter faste sermoniar  
eller på serlege dagar. Det er som det vera vil med det.
14. Oftast furu, men gran vert og ofte brukt. Elles er det  
vel etter som ein har, eller kan skaffe det.
15. Det hender at ein då surrar saman eit "tre" av eine-  
kvistar, men grønt må det i alle høve vera. Turre tre-  
pinnar eller ståltråd har eg ikkje høyrte om. Heller ikkje  
noko sermann på ei slik "erstatning".
16. Nei det gjer ein ikkje. Juleneket kan ein setja på ein  
staur eller stong, men det vert like ofte hengt opp over  
låvedøra eller i ei krå, der det er livt for vinden.
17. Dette med halm på golvet i jula har eg ikkje høyrte snakk  
om her. Ikkje trur eg det har vore ibruk heller etter  
1700. Eg kan soleis ikkje seie noko om dei andre spørsmåla  
heller.

4470

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING